

## **Svar på høyring til kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020**

Planen er drøfta i avdelingsmøte på planavdelinga 05.12.16.

Det synes som om det har vore ein god prosess med utarbeidninga av planen.

Eit systematisk trafikksikringsarbeid i kommunane er viktig for å få redusert talet på trafikkskadde og for å gje auka tryggleik for innbyggjarane. Kommunen har eit betydeleg ansvar for trafikktrygging gjennom rolla som vegeigar, og som planmyndighet der utvikling av nærmiljø og helse og miljø for innbyggjarane står sentralt.

Nokre kommentarar frå planavdelinga:

### **Avsnitt 4.3.3. 3 Kommuneplanlegging og forvaltning**

#### **Hovudmål**

Trafikksikring skal vere eit tema i kommuneplanen. I ROS analysen for nye planar skal trafikktryggleiken vurderast særskilt, og det skal utførast TS-vurdering på alle plannivå.

#### **Delmål**

- Ny bustadbygging må, så langt det er mogleg, ledast inn på eksisterande gang/ sykkelnett.

Planavdelinga vil foreslå at dette delmålet blir endra til:

« Ny bustadbygging og utviding av eksisterande bustadfelt, skal utviklast med gang-/sykkelnett i samsvar med kommunens vegnorm og så langt som det er mogleg ledast inn på eksisterande gang-/sykkelnett.»

Det er og ønskjeleg at folkehelseperspektivet og forankringa i Lov om folkehelse blir presisert i planen, til dømes i innleiinga.

Kommunen har ansvar gjennom Lov om folkehelsearbeid ( Folkehelselova), der kommunen er pålagt å arbeida førebyggande mot faktorar som kan påverka innbyggjarane negativt. Lova peiker mot eit brent samfunnsretta folkehelsearbeid, med merksemd mot dei bakanforliggande faktorane for helse. Transportløysingar som trygge gang- og sykkelveger, eit godt kollektivtilbod og eit vegnett tilpassa dagens trafikk, kan sjåast som godt folkehelsearbeid. Folkehelsearbeidet går og ut på å gje den einskilde innbyggjar kompetanse og moglegheit til å ta vare på eigen helse. Eit godt og bredt haldningsskapande trafikksikringsarbeid er difor godt folkehelsearbeid.

Lindås kommune vart i mai 2016 godkjent som Trafikksikker kommune. Dette inneber att kommunen dei neste åra har forplikta seg til å ta trafikksikringsarbeidet med inn i alle sektorar og kommuneplanar. Arbeidet med å følgje opp tiltaka frå trafikksikker kommune er ein del av Lindås kommune sitt folkehelsearbeid.

Hilde Hauge,  
koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging